

Råd om stell av strålebehandla hud

Råd om stell av strålebehandla hud

Strålebehandling kan gi sår hud i det området på kroppen du får behandling. Risikoen for dette vil variere. Behandlingspersonalet vil gi nærmare informasjon om korleis det blir i ditt tilfelle. Reaksjonar i huda kan auke den første tida etter strålebehandlinga er avslutta. I dei fleste tilfella vil huda vere heila i løpet av nokre veker.

Når du går til strålebehandling anbefaler vi at du steller huda i på følgande måte:

- Vask av huda: forsiktig vask eller dusj, ikkje for varmt vatn og ikkje for lenge. Bruk berre vatn, eventuelt uparfymert såpe. Ikkje frottér huda, klapp ho heller tørr.
- Får du stråling mot hovudet: bruk mild sjampo, og unngå å bruke hårfønar med høg temperatur.
- Bruk ikkje parfymerte produkt i stråleområdet.
- Barbering: bruk barbermanaskin.
- Unngå bruk av silikonprotese og teip i behandlingsområdet.
- Tøy: bruk gjerne bomull nærmast huda, unngå stramt tøy. La det komme luft til strålebehandla hud ved anledning.
- Strålebehandla hud er varig meir ømfintleg for temperatur, vind og sol. Dersom huda blir raud, tørr og irritert, kan du i samråd med behandlingspersonalet/apotek smørje tynt med ein hudkrem. Den bør være uparfymert,

vatnbasert og med middels fettinnhold. Ikke smør på hudlause område.

Husk:

- Dette er generelle råd i tillegg til munnleg informasjon. Det kan vere nødvendig å gi andre råd i enkelte tilfelle.
- Spør alltid om råd dersom det dukkar opp problem under strålebehandling. Ta gjerne kontakt sjølv etter avslutta strålebehandling, om det er noko du lurer på.
- Følg desse råda til huda er heila etter strålebehandlinga.
- Strålebehandla hud vil vere varig meir ømfintleg for sol enn normal hud. Bruk høg solfaktor.

Har du spørsmål i forbindelse med behandlinga, kan du spørje personalet på behandlingsmaskina. Du kan også snakke med legen ved kontrolltime.

**Haukeland Universitetssjukehus
Avdeling for kreftbehandling og medisinsk fysikk**

www.helse-bergen.no/avd/kreftavdelinga

Sist endra: 16.11.2023 Versjon: 4.00